Den einaste reiskap av dette slaget som er funne i Noreg
1 samband med funna på verkstadplassen frå oldtida på Mangersnes – og
forsøk med desse i praktisk bruk – og i samamanheng med andre tilhøve,
kom det fram at det var *uvanleg* lite oppflising rundt holkanten ved inn- og
utgangen på borshuda. Til vanleg er dette verst på hol med stort tverrsnitt.
Funn av ein rund, om lag 7 cm lang trepinne gav mogleg løysing på dette
tilhøvet. Den var tjukkast 2 cm frå den avbrotne enden og var her 2,5 cm i
tverrmål. I den enden som ikkje var skada, var tverrmålet 1,5 cm. Her var
det eit kvadratisk hol, som hadde ein smal utgang, 1 mm breid, til yttersida
av pinnen. Ein kopi av funnet står oppe på treplata som òg den
rekonstruerte reiskapen står på.
Rekonstruksjonsarbeidet starta då det vart sett ein magnet mot det
firkanta holet, og den vesle trepinnen dreia på seg. Dette viste at det var
restar av jern i holet.
Det vart då laga ein kopi av funnet på enden av ein 30 cm lang pinne. Slik
var det mogleg å laga det kvadratiske holet på 6 x 6 mm, og den smale
utgangen som var 17 mm frå enden av pinnen og nedover. Det firkanta
holet var 25 mm djupt.
Det vart laga ei hylse av ei jernplate som var 1 mm tjukk. Denne hadde
ytre mål som det kvadratiske holet i trepinnen, men lengda på hylsa var 8
mm lengre enn holet var djupt. Dette tillegget vart laga om til 4 tappar for
å kunne klinka fast ei rund låsplate på enden av pinnen. Denne plata
hadde eit firkanta hol på 4 x 4 mm for bor i senter. Den eine av dei
sidene i hylsa var oppe og 17 mm nedover gjort breiare, slik at den fylte ut

Fig. 26. Snedkerarbejde i det gamle Ægypten.
Boring med Buesnor.

den 1 mm breie utgangen frå holet til yttersida av pinnen. Sjølve boren va
på det meste 4 mm brei på skjeret, 1,3 mm tjukk og skråna jamt over mo
spissen i senter. Desse to skråningane var slipte til skjerande egg på begge
sider, som lagar trestøv – ikkje spon. Den 30 cm lange pinnen vart skoren
av på 20 cm, og på toppen vart det tredd ned eit rundt «handgrep» med
flat overside. Eit spor av 2 runde trenaglar gjer at det ikkje kan losna frå
resten av reiskapen, samstundes som ei hand kan halda rett stilling medan
akslingen går rundt i stor fart. Drivkrafta kjem frå ein boge av tre som er
spent opp med ei snor. Denne går rundt i eit breidt spor med tverrmål 17,5
mm.
Røynsler tyder på at ein med fordel kan auka tverrmålet til 20 mm eller
meir. Det er eit problem å finna høvelege materialar til boge og snor. Den
bogen som er montert her, er for svak for bruk. Større boge vil vri seg i
den turre lufta i lokalet.
Med ein større og kraftigare boge vart det på oppmoding vist at det vart
bora eit hol gjennom alfuru, som var 20 mm tjukk, på under 4 sekund med
det 4 mm boret som står i reiskapen no. I alt er det bora meir enn 200 hol
med denne boren.
Ved å laga styrehol gjennom emnet vil det vera enklare å bora med
grovare navar som har styretapp i senter nede. Særleg må dette vera ein
fordel når hola skal borast gjennom 2 emne, som må samsvara når dei skal
skøytast med naglar.

Manger, august 2004

A. Reiskap til å gni tjøre utover på sua og på løyrenser.

B. Reiskap for å føre tynne trådar, insekt med tjøre eller anna letningsstoff inn i tronge sprekker. Den er laga ut frå ein vinterårring i emnet, og er tjukkare langs etter midten. So tynt reiskap i tre er ikkje funne før frå oldtida på Mangersnes.

C. Denne pinnen er ein reiskap for å få letningsstoff som dyrehår, ullråd og løyrenser innsett med tjøre, på rett plass for sua vert kleme saman med tvinger og sauma med tråd eller jamsaum.

D. Ein liten reiskap, den tids strekmål/strekmål, for å merka opp ein strek parallell med ein kant, til dømes frå kanten til saumhola frå kanten. Det er laga tydeleg lege for enden av to tommelfingrar, den høgre noko på skrå. Begge hender var «bundne» til reiskapen under arbeidet. Om det var personar om arbeidet, og det var to mogeleg, stod tingen som skulle merkjast nær på loddrett. I oldtida hadde dei fäste strekmål til vanlege arbeidsoppgåver.

E. Ein reiskap for impregnering av t.d. 3-lagt tvinna lindebast med tjøre. Denne kopien har vore nytta ved impregnering av snor til sauming av båtbord, surring mellom spant og båtbord og samantvinning av snor til surring av ymse båtdelar. Den vart halden mellom tommelfinger og tredje–fjerde finger medan peikefingeren trykte på midten. Tråden vart strama 1/2–1 m kvar omgang, og vart gnikka varm i sporet. Den trakk då lett til seg tjøra. Dei fem (A–E) eksemplara er funne på Mangersnes.

F. Denne trådstramaren frå noverande samiske område i Finland vart omtala i eit svensk skrift frå 1908, og er ein høveleg reiskap.

Hjortspringbåten
ca. 350 - 300 f.Kr.

Valderøybåten
ca. 238 - 418 e.Kr.

Halsnøybåten
ca. 391 - 535 e.Kr.

Skoltesamisk båt
Barentshavet ca.1875